



Tidlegare elevar på Haugland skule: Aud Klara Hindøy Østensen, Liv Jorunn Musland Lund, Else Marit Haugland Guddal, Olga Marie Eide Veum og Trygve Haugland.

I samband med bygdevandringa under konfirmantjubilèet i helga var det stopp og skuletime på Haugland skulemuseum. Då var det 5 av konfirmantjubilantane som fekk gjen oppleve skuledagane sine i den vesle skulestova på Haugland.

Dei 5 som har eit aldersspenn på 20 år og representerer alle dei 3 tiårskulla av jubilantar er: Trygve Haugland, Else Marit Haugland Guddal, Liv Jorunn Musland Lund, Aud Klara Hindøy Østensen og Olga Marie Eide Veum. Dei eldste hadde Andreas Haugland som lærar medan dei yngste hadde etterfølgjaren hans Sigurd Haugland. Sigurd var siste læraren på Haugland skule, og han flytta saman med elevane ned til bygda då Uskedalen fekk ny skule på siste halvdel av 1960-talet.

Begge lærarane var markante skikkelsar i bygdelivet. Andreas var m.a. aktiv dirigent og organist medan Sigurd var klokkar. Begge hadde ord på seg for å vera dugande lærarar.

Då jubilantane hugsa tilbake, mintest dei særleg friminutta med leiken på området utanfor. Det kunne vera gøymsele bak steinane og andre plasser, og i Sigurd si lærartid var det særleg populært å slå ball. I den samanheng vart det halde fram at Leif Haugland hadde ekstra drag på slaga sine. Ein gong fekk han skikkeleg treff. Ballen gjekk inn gjennom vindusruta, gjennom skulestova og ut gjennom ruta på andre sida. Det var nok ikkje første gongen ei rute vart knust under leik. For erfaringa hadde gjort sitt til at læraren hadde eit lager med nye vindusruter. Dermed kunne han reparere det ganske så snart.

Friminutta kunne bli ganske så lange når læraren gløymde seg ut i leiken. Til glede for elevane, og då kunne det vera greitt for læraren å dekke seg bak at dei måtte ha gym.

Dei har nok mange gode minner frå skulestova på Haugland frå den tida då dei gjekk på skulen annankvar dag. Småskulen gjekk mandag, onsdag og fredag, og storskulen gjekk tirsdag, torsdag og lørdag. Siste tida var

elevane ein dag ned til Uskedalen på skule for å få engelsk.



Stunda i den gamle skulestova vekte nok fram mange gode minne.

Av: Thor Inge Døssland.